



# ÅRSMELDING 2012



SENTER FOR INTERNASJONALISERING AV UTDANNING

Publikasjon  
01/13





## Senter for internasjonalisering av utdanning (SIU)

SIU er Noreg sitt kompetansesenter for internasjonalisering av utdanning, og skal fremje internasjonalisering, kulturell kommunikasjon og internasjonal mobilitet innan utdanning. Senteret har ei viktig oppgåve i å samordne tiltak på nasjonalt nivå, i samsvar med offisielle retningslinjer. Senteret har òg ansvar for å profilere Noreg som utdanningsnasjon, drive informasjonsarbeid, rådgjeving og utgreiing.

SIU forvaltar program for fleire offentlege oppdragsgjevarar, og er finansiert gjennom oppdrag frå:

- Kunnskapsdepartementet
- Utanriksdepartementet
- Nordisk Ministerråd
- Europakommisjonen

SIU held til i Bergen og har om lag 65 fast tilsette.

### Strategi for SIU 2012–2016

VISJON: Norsk utdanning av høg kvalitet gjennom auka internasjonalisering.

VERKSEMDSIDÉ: SIU er Noreg sitt kompetansesenter for internasjonalisering av utdanning, som i nært samspel med myndigheiter, utdanningsinstitusjonar og andre relevante aktørar bidreg til å styrkje kvaliteten i norsk utdanning.

### Analyse, utgreiing og rådgjeving

Som kompetansesenter skal SIU bidra med analyse, utgreiing og rådgjeving på heile utdanningsfeltet.

### Programforvaltning

Som kompetansesenter skal SIU vere det naturlige førstevalet som programkontor.

### Profilering

Som kompetansesenter skal SIU styrkje profileringa av Noreg som attraktivt samarbeids- og studieland.

### Organisasjon

SIU skal vere ein framtidsretta og attraktiv kunnskapsorganisasjon.

[www.siu.no](http://www.siu.no)

## INNHALD

/03/ Tettare dialog med norsk utdanningssektor

/04/ Programdrifta

/06/ Nøkkeltal

/08/ SIU rapporterer om internasjonalisering

/10/ Analyse, rådgjeving og utgreiing

/10/ Programforvaltning

/11/ Profilering

/11/ Organisasjon

Utgitt av Senter for internasjonalisering av utdanning (SIU)  
i april 2013

ANSVARLEG REDAKTØR/ Kristin Solheim

REDAKTØR/ Runo Isaksen

PRODUKSJON/TRYKK/ Bodoni

FOTO/ David Zadig

OPPLAG/ 600

ISSN/ 1503-2876

SIU-publikasjon 01/13

# Tettare dialog med norsk utdanningssektor

**SIU har dei siste to åra vore gjennom omfattande endringsprosessar.**

SIU har gjennomgått styreordninga si, fått nye vedtekter, gjennomført ei større organisasjonsendring for å styrkje fagsamarbeid og leiing, innført ny økonomimodell og profesjonalisert økonomiforvaltinga, og gjennomført ei større reorganisering innan IKT. Dei mange prosessane har vore viktige for SIU, og vi har allereie begynt å sjå resultat på fleire felt, mellom anna gjennom eksterne revisjonsrapportar. SIU sin nye strategi 2012–2016 tredje òg i kraft i 2012.

Rundt 90 prosent av SIU si verksemd er knytt til administrasjon av program og ordningar på vegner av oppdragsgivarar som Kunnskapsdepartementet, Utanriksdepartementet, Norad, EU og Nordisk Ministerråd. Bortfallet av eit stort forventa oppdrag i 2012 gjorde at SIU måtte setje i verk ein intern omstillingsprosess som også vil vare inn i 2013.

Norsk utdanningssektor vil vere ei heilt sentral målgruppe for SIU sitt arbeid også i 2013. Fjoråret synleggjorde SIU si sårbarheit som oppdragsfinansiert organisasjon. I 2013 vil SIU difor ha eit skarpere fokus på myndigheitssektoren og andre potensielle oppdragsgivarar som målgruppe. SIU må aktivt synleggjere det arbeidet vi gjer og den kompetansen vi har for moglege oppdragsgivarar.

Deltaking i EU-programma utgjer sjølve fundamentet i internasjonaliseringa av norsk utdanning. For høgre utdanning er programma supplert av mange andre ordningar, for grunnopplæringa er EU-programma bortimot einerådande. Dette betyr at langt dei fleste måla i *St.meld. 14 (2008–2009) Internasjonalisering av utdanning* er knytt til brei norsk deltaking i Erasmus for alle (2014–2020), både når det gjeld høgre utdanning og grunnopplæringa. Programmet omfattar satsing i både kvantitet og kvalitet. Norsk deltaking i EU-programma er høg og brei, både når det gjeld utdanningsnivå, type institusjonar og geografisk utbreiing.

SIU har i 2012 lagt ned mykje ressursar i arbeidet med å styrkje og vidareutvikle kunnskapsgrunnlaget for internasjonalisering av utdanninga. Det har vore eit mål å styrkje relevansen og kvaliteten på publikasjonane i SIU Rapportserie. I denne prosessen har det vore viktig både å involvere godt internt og hente kompetanse eksternt. SIU har lagt eit godt grunnlag for å styrkje dette arbeidet vidare i 2013.

SIU sin kommunikasjonsstrategi blei revidert i 2012. I tråd med SIU sin strategi, er overordna mål i kommunikasjonsstrategien å styrkje synleggjeringa av SIU som kompetansesenter. SIU sine viktigaste målgrupper er norsk utdanningssektor på alle nivå, og norske myndigheiter. Dette er ei ytterlegere oppfølging av evalueringa av SIU, som understreka behov for enda tettare dialog med norsk utdanningssektor. Denne dialogen har vore ein hovudprioritet for SIU både i 2011 og 2012.

Internasjonaliseringskonferansen 2012 var eit sentralt tiltak overfor universitet og høgskolar. Arrangementet var eit samarbeid med alle universiteta i Noreg og NHH, med Universitetet i Oslo som vertskap. Konferansen var ein suksess med over 400 deltakarar, og det er allereie klart at dette blir ei årleg hending.

Internasjonaliseringskonferansen er også eit døme på at SIU har styrkt arbeidet med målgruppeorientert kommunikasjon. I 2013 ønskjer vi enda fleire tiltak som har målgruppe, ikkje program, som utgangspunkt. Innføringa av ny målgruppeinndelt organisasjonsmodell i SIU i 2012 støttar opp under dette arbeidet.



**ALF RASMUSSEN**  
DIREKTØR

# Programdrifta

## Avdeling for høgare utdanning

### ECTS Label og DS Label

Fem norske institusjonar fekk DS Label i 2012, og Universitetet i Nordland blei andre norske institusjon med ECTS Label. Etter denne tildelinga har 17 institusjonar DS Label, medan to har ECTS Label. Dei norske Bologna-ekspertane jobbar med rådgiving om label og anna forbetring av vitnemålstillegg.

### Erasmus

1690 studentar reiste ut på Erasmus-opphald i studieåret 2011–2012, ein auke på ti prosent. Dette er det høgaste talet nokon gong. Av desse hadde 148 studentar praksisopphald, ei dobling frå året før. Lærarmobiliteten er med 409 utreisande lærarar omtrent som året før. Talet på tilsette på studie- eller hospiteringsopphald i Europa held fram med å auke: 253 reiste ut i 2011–2012, mot 211 i 2010–2011. Talet på Erasmus intensive program (IP) med norsk koordinator har auka kvart år frå 2007. I 2012 fekk ti program støtte, mot to i 2007.

### Erasmus Mundus

I søknadsrunden 2012 blei det sendt inn 31 søknader med norsk deltaking, og sju blei innvilga. Det blir inga utlysing for aksjon 1, master- og doktorgradsprogram, i 2013.

### Program for samarbeid om høgare utdanning i Eurasia

Eurasia-programmet er finansiert av Utanriksdepartementet med totalt 102,5 millionar kroner (2010–2015) og omfattar både prosjektsamarbeid og eit eige stipendprogram. Av elleve søkjarar fekk seks tildelt støtte til fleirårige prosjekt i 2012, slik at programmet no omfattar 20 prosjekt. I tillegg blei det gitt såkornsmidlar til elleve prosjekt.

### EØS-midlane

Det overordna målet med EØS-midlane (2013–2017) er å redusere sosiale og økonomiske ulikskapar i Europa og styrkje bilaterale relasjonar mellom givar- og mottakarland. I 2012 har SIU jobba med programutvikling saman med mottakarland, og med informasjon til ulike målgrupper innan utdanningssektoren i Noreg. Dei første utlysingane kjem i 2013.

### Kvotordninga

Per 1. oktober 2012 var i alt 1078 av 1100 kvote plassar i bruk ved norske institusjonar, som gir ein utnyttingsgrad på 98 prosent, ei forbetring samanlikna med tidlegare år. Kvotordninga skal evaluerast i 2013 og i samband med dette er det vedteke ei forlenging av Rundskriv F-12-10 som set premissane for Kvotordninga.

### Nasjonalt program for utvikling, forskning og utdanning (NUFU)

NUFU har i perioden 2007–2012 finansiert 69 samarbeidsprosjekt mellom 35 universitet i Afrika og Asia og 12 norske utdanningsinstitusjonar. NUFU har fått fram forskning av høg kvalitet og medverka med resultat som er relevante for nasjonal utvikling på ei rekkje felt, som naturressursforvaltning, helse og utdanning. Sidan 2007 har rundt 500 master- og ph.d.-studentar fått utdanninga si finansiert gjennom NUFU. Ein stor del av desse jobbar no ved universitet eller i offentlig sektor i heimlanda sine. Nesten alle NUFU-finansierte prosjekt blei avslutta i 2011 eller 2012.

### Norads program for masterstudium (NOMA)

I 2012 hadde NOMA ein portefølje på 40 prosjekt, fordelt på 28 institusjonar i 18 land. I alt deltar 13 norske institusjonar i programmet. Til saman 345 studentar frå utviklingsland fekk i 2012 ein mastergrad frå eit NOMA-finansiert utdanningsprogram, og 45 prosent var kvinner. I januar 2012 arrangerte SIU den siste av tre regionale konferansar for institusjonar som deltek i NOMA og NUFU. Målet var å presentere resultat frå programma og bygge faglege nettverk med tanke på vidare samarbeid innanfor nye rammer.

### Nordic Master Programme

Pilotprogrammet, som var planlagt med tre utlysingar, fekk midlar til endå ei utlysing i 2012. Det kom inn åtte søknader, og fire fekk støtte. Det blir nok ein søknadsrunde i 2013.

### Nordisk-russisk samarbeid

SIU er hovudkoordinator for Program for nordisk-russisk samarbeid i utdanning og forskning, som baserer seg på ein samarbeidsavtale mellom Nordisk Ministerråd og Det russiske utdannings- og forskingsdepartementet. I 2012 arbeidde SIU med planlegging og utvikling av programmet for perioden 2012–2015. Første utlysing hadde søknadsfrist 1. mars 2013.

### Nord-Amerikaprogrammet

Det kom inn 58 søknader i 2012. SIU tildelte midlar til tolv fireårige prosjekt, og sju av desse har kanadisk hovudpartner. SIU tildelte også prosjektmidlar for samarbeid med Nord-Amerika, med målsetjing om å etablere nye eller styrkje eksisterande samarbeid. Det kom i alt inn 79 søknader, og 20 prosjekt fekk tildelt prosjektmidlar på til saman tre millionar kroner.

### Nordområdestipend

Gjennom stipendprogrammet kan studentar frå USA, Canada og Russland få stipend for å studere ved ein nordnorsk utdanningsinstitusjon. I studieåret 2011–12 var 71 studentar på studieopphald i Noreg. Utanriksdepartementet (UD) finansierer programmet og totalramma for perioden 2010–13 er 13,5 millionar kroner. SIU har inngått ein avtale med UD om ein ny treårig programperiode (2013–16) der også studentar frå Japan og Sør Korea blir inkludert.

### Nordplus hovudkoordinator

Nasjonalkontora i dei nordiske landa har administratoransvar for kvart av dei fem Nordplus-delprogramma. SIU har kontrakt (2012–2013) med Nordisk Ministerråd om koordinatorfunksjonen for administrasjonen av Nordplus, og leier det som er felles i dette arbeidet. Dette har i 2012 vore felles informasjonsarbeid, utvikling og drift av felles søkje- og rapporteringssystem, sekretariat for programkomiteen og kontaktpunkt mellom administrasjonen og Nordisk ministerråd.

### Nordplus Horisontal

SIU er også hovudadministrator for delprogrammet Nordplus Horisontal, som støttar tverr-sektorsamarbeid mellom ulike aktørar i dei nordiske og baltiske landa. I 2012 hadde programmet rekordhøgt søknadstal med 70 søknader.

### Ordninga for Norgeskunnskap i utlandet

Norgeskunnskapsordninga rettar seg mot dei omlag 140 høgare lærestadane utanfor Noreg som tilbyr undervisning i norske emne. Ordninga omfatta i 2012 stønad til 19 utanlandslektorat, utdeling av 48 stipend innan semesterstipendordninga, i tillegg til ei rekkje tilskot til undervisning og arrangement ved lærestader over heile verda.

## PITRO III

Avtalen mellom SIU og Norad om støtte til University of Dar es Salaam (UDSM) i Tanzania for Programme for Institutional Transformation, Research and Outreach (PITRO III) blei i 2012 forlenga fram til 31. desember 2012. Institusjonelt samarbeid mellom UDSM og Universitetet i Oslo er sentralt i programmet, som omfattar seks felles forskingsprosjekt innan utviklingsrelaterede område som jordbruk, ressursforvaltning, økonomisk utvikling og godt styresett. Ei ekstern evaluering konkluderte med at programmet generelt har nådd sine mål.

## Program for samarbeid om høgare utdanning i Russland

Samarbeidsprogrammet med Russland (2011–2016) er finansiert av Utanriksdepartementet og har ei totalramme på 65 millionar kroner. Målet er å byggje langsiktig samarbeid mellom institusjonar i dei to landa. I 2012 blei det tildelt midlar til åtte av 27 søknader om støtte til fleirårige prosjekt, og til 14 av 27 søknader om støtte til avgrensa samarbeidsprosjekt.

## Prosjektmidlar for samarbeid med Kina

SIU lyste i 2012 for første gang ut midlar til samarbeid med Kina. Føremålet er å støtte norske universitet og høgskolar sitt eksisterande samarbeid med institusjonar i Kina med sikte på å utvikle utdanningssamarbeid. Av 20 søkjarar fekk åtte støtte.

## Samarbeidsavtale med Pakistan

Under avtalen mellom Higher Education Commission (HEC) i Pakistan og SIU har åtte norske institusjonar no 37 pakistanske studentar på ph.d.-studium i ulike fag. Generelt er progresjonen blant HEC-kandidatane god, og 25 kandidatar er venta uteksaminert i 2012.

## Samarbeid med Brasil

I 2012 signerte SIU ein avtale med den brasilianske søsterorganisasjonen CAPES, med mål om å fremje akademisk samarbeid og mobilitet. Det brasilianske stipendprogrammet Ciência sem Fronteiras (Science without Borders) tilbyr stipend for studium i Noreg og andre land for brasilianske studentar. Dei første bachelorstudentane kjem til Noreg i august 2013. I tillegg lyste SIU og CAPES i desember 2012 ut prosjektmidlar til samarbeid mellom norske og brasilianske institusjonar for ein toårsperiode frå 2013.

## Støtte til internasjonale fellesgrader

SIU fekk midlar til to utlysingsrundar i 2012, men oppslutninga var heller dårleg. I første runde kom det inn elleve søknader, der to fekk støtte. I andre runde kom fem søknader, der ein fekk støtte. Ordninga vil bli evaluert i samråd med Kunnskapsdepartementet før det blir avgjort om ho skal først vidare, eventuelt med justeringar.

## Toulouse-avtalene

SIU er kontraktspartnar for avtalar med to institusjonar i Toulouse som har program tilpassa norske søkjarar. Universitè Toulouse 1 Capitole (UT1) har programmet Action Norvège, ein fireårig bachelor i økonomi, medan INSA Toulouse har NORGINSA, ei femårig ingeniør-utdanning. I 2012 var det 32 søkjarar til NORGINSA, medan Action Norvège berre hadde to søkjarar.

## Avdeling for grunnopplæring

### Comenius

I 2012 fekk SIU 175 søknader om deltaking i Comenius partnerskap, ein auke på ti prosent frå året før. 103 fekk støtte, fordelt på 94 multilaterale og ni bilaterale partnerskap. Tiltaket Comenius Regio, som omfattar lokale og regionale avgjerdsstakrar innan skulesektoren, fekk ti søknader, omtrent som året før. Ni fekk støtte. Etter

systematisk arbeid mot fylkeskommunane i 2010 og 2011, er SIU nøgd med å sjå at innsatsen har resultert i jamn interesse for Regio. Comenius-prisen 2012 gjekk til Huseby kompetansesenter i Oslo for prosjektet «Touching Maths». Saman med europeiske partnerar har kompetansesenteret utvikla ein nettstad for lærarar som underviser i matematikk for blinde elevar ved å bruke punktskrift.

### Europass

Europass skal medverke til at kvalifikasjonane, kunnskapane og ferdigheitene til lærlingar, studentar og arbeidssøklarar blir betre forstått i Europa. I samarbeid med Utdanningsdirektoratet arrangerte SIU i 2012 eit dialogmøte om fagskildringane kor representantar frå skuleeigarar, dei faglege råda, partane i arbeidslivet og elevorganisasjonen deltok. Det blei gjennomført tiltak for å forenkle tilgangen til Europass-dokumenta. SIU implementerte i 2012 ein ny database for å skrive ut Europass mobilitet og Europass fagskildring.

### Frankrike-programmet

Årskurs for lærarar og lærarstudentar ved OFNEC i Caen fekk 28 søknader i 2012, ein nedgang på fire frå året før. Det er ei utfordring at berre 17 tok imot tilbodet om studieplass. Til intensivkurset i fransk språk kom det 32 søknader, ein sterk auke frå 2010 (15) og 2011 (24).

### Gjør det!

Gjør det!-programmet har som mål å vidareutvikle samarbeid innan fag- og yrkesretta opplæring, fremje mobilitet over landegrensene og styrkje partnerskap mellom verksemdar og opplæringsorganisasjonar i Tyskland og Noreg. Programmet har gode og jamne deltakartal. I 2012 kom det inn totalt 26 søknader. Totalt 25 søknader med til saman 174 elevar og lærlingar fekk innvilga søknadane sine.

### Grundtvig

Grundtvig-programmet har som mål å vidareutvikle samarbeidet innan vaksne si læring i Europa. SIU mottok 34 søknader om toårige partnerskap i 2012. Dette er på nivå med i 2011, men ein sterk auke samanlikna med 2010, då søknadstalet fall mykje. Det er også deleleg å registrere stabil interesse for individuelle stipend: Talet på innvilga søknadar i 2012 (52) var på nivå med 2011 (55), sjølv om talet på mottekne søknader gjekk ned.

### Leonardo da Vinci

Innan Leonardo da Vinci-programmet var det i 2012 ein auke i søknadstal og talet på søkte stipend til mobilitetstiltak. Det var likevel ein nedgang i søknader på ordningane vidareutvikling og partnerskap. I 2012 mottok SIU 34 søknader om partnerskap, mot 50 søknader året før. Partnerskap legg til rette for fagsamarbeid i Europa. Vidareutviklingsprosjekt skal bidra til å spreie ny metodikk, faginnhald eller bruk av teknologi i fag- og yrkesopplæringa. I 2012 kom det inn berre to søknader, som begge fekk støtte. Dette er ein relativt stor tilbakegang samanlikna med dei siste åra. Mobilitetsprosjekt er retta mot individuell mobilitet, og målet er å auke fagleg kompetanse. I 2012 kom det inn 87 søknader, ein auke frå 80 året før.

### Pestalozzi

Dette er ei ordning i regi av Europarådet som gir lærarar og andre tilsette i skulen tilbod om å delta på kurs i Europa. I 2012 mottok SIU 19 søknader frå norske lærarar, ein auke på ni frå året før.

### Studiebesøksprogrammet

Noreg har 37 stipend å dele ut gjennom studiebesøksprogrammet. I 2012 mottok SIU 47 søknader, på nivå med året før. Aktørar i Noreg arrangerer kvart år kurs i regi av programmet. Fire arrangørar fekk støtte frå SIU til slike kurs for året 2013–2014.

# Nøkkeltal 2012\*


TAL I 1 000 NOK

Driftsinntekter	89 238
Driftskostnader	86 144
Ordinært driftsresultat	3 094
Netto finansinntekt/-kostnad	-133
Resultat av ordinære aktiviteter	2 961

\*) Førebelse tal. Endeleg rekneskap ligg føre innan 15. juli 2013.

## Inntekter og kostnader 2011–2012

(i 1000 NOK)



● Inntekt fra løyvingar  
● Tilskot og overføringar frå andre  
● Andre driftsinntekter  
● Løn og sosiale kostnader  
● Andre driftskostnader  
● Avskrivningar

SIU hadde i 2012 eit underforbruk på drifta på 3 millionar kroner, mot eit overforbruk på 2,6 millionar kroner i 2011. SIU har levert eit rekneskap som viser eit rekneskapsteknisk underforbruk på 3 millionar kroner, medan resultatet frå perioden viser eit overforbruk på 3,8 millionar.

#### SIU sin økonomi

I 2012 fekk SIU ein utfordrande økonomisk situasjon på grunn av bortfallet av NORHED-programmet, og vi er i dessutan i ferd med å fase ut NOMA- og NUFU-programma. SIU har i 2012 laga ein tiltaksplan for å redusere skadeverknadene av bortfallet og sikre at SIU kan vidareutvikle rolla si som nasjonalt kompetansesenter for internasjonalisering av utdanning.

SIU må sikre eit kostnadsnivå som er tilpassa dei faktiske inntektene, og inntekter over kritisk masse, slik at vi kan oppfylle samfunnsoppdraget i tråd med strategien og målsetjingane.


KD ga i supplerande løyvingbrev i november 2012 midlar for å styrkje SIU som kompetansesenter, noko som er viktig og naudsynt for å sikre handlingsrommet i 2013.

#### Løyvingar frå Kunnskapsdepartementet til drift i 2012

- 44,42 mill. kr på grunnløyvinga
- 2,0 mill. kr til Nord-Amerika-strategien
- 7,12 mill. kr til nasjonale ekspertar
- 0,3 mill. kr til samarbeid med Frankrike og Tyskland
- 0,5 mill. kr til etablering og utvikling av internasjonale fellesgrader
- 0,5 mill. kr til bilateralt samarbeid med strategisk viktige samarbeidsland (India, Kina og Russland)

#### Tilskotsforvaltning i 2012

Tilskotsforvaltninga var på 247 millionar kroner i 2012, ned frå 271 millionar kroner i 2011. Tilskotsmidlar frå Norad er redusert frå 131 til 87 millionar, medan midlar frå Europakommisjonen har auka frå 93 til 100 millionar. Tilskotsmidlar frå dei andre oppdragsgivarene er relativt stabile.



## Balanse pr. 31.12.2012

### EIGENDELAR

31.12.12 31.12.11

#### A. Anleggsmidlar

##### I Varige driftsmidlar

Lausøyre, inventar, verktøy og liknande	5 724	5 049
<b>Sum varige driftsmidlar</b>	<b>5 724</b>	<b>5 049</b>

##### Sum anleggsmidlar

5 724 5 049

#### B. Omløpsmidlar

##### II Fordringar

Kundefordringar	1 379	2 731
Andre fordringar	7 028	3 387
<b>Sum fordringar</b>	<b>8 407</b>	<b>6 118</b>

##### III Kasse og bank

Bankinnskot	105 225	100 726
Andre bankinnskot	61 332	73 107
<b>Sum kasse og bank</b>	<b>166 557</b>	<b>173 832</b>

##### Sum omløpsmidlar

174 964 179 950

##### Sum eigendelar

180 688 184 999

### VERKSEMDSKAPITAL OG GJELD

#### C. Verksemdskapital

<b>Sum verksemdskapital</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
-----------------------------	----------	----------

#### D. Gjeld

##### I Avsetning for langsiktige forpliktingar

Ikkje inntektsført løyving knytta til anleggsmidlar	5 724	5 049
<b>I Sum avsetning for langsiktige forpliktingar</b>	<b>5 724</b>	<b>5 049</b>

##### II Sum anna langsiktig gjeld

0 0

##### III Kortsiktig gjeld

Leverandørgjeld	5 584	3 354
Skuldig skattetrekk	1 804	1 799
Skuldig offentlege avgifter	1 843	1 654
Avsatte feriepengar	4 169	4 162
Anna kortsiktig gjeld	144 975	155 810
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>	<b>158 375</b>	<b>166 779</b>

#### IV Avrekning med statskassa

##### Avsetning statleg og bidragsfinansiert

aktivitet (nettobudsjettert)	14 656	11 695
Ikkje inntektsført løyving og bidrag (nettobudsjettert)	1 934	1 477
<b>Sum avrekningar</b>	<b>16 590</b>	<b>13 172</b>

##### Sum gjeld

180 688 184 999

##### Sum verksemdskapital og gjeld

180 688 184 999



# SIU rapporterer om internasjonalisering

Ei av SIU sine viktigaste oppgåver som kompetansesenter er å utvide og styrkje kunnskapsgrunnlaget for vidare internasjonalisering av norsk utdanning.

Føremålet med SIU sin rapportserie er å gi myndigheiter og sektoren betre føresetnader for å utforme tiltak og strategiar for internasjonalisering.

I 2012 publiserte SIU fire rapportar. Nedanfor presenterer vi hovudfunn i desse.

## Mobilitetsrapporten

Stadig fleire norske elevar og studentar tar utanlandsopphald, viser tal frå SIU sin *Mobilitetsrapport*. Heile 21 prosent av norske studentar er internasjonalt mobile i løpet av studietida.

I 2011–12 var det 15 300 norske gradstudentar i utlandet, ein auke på åtte prosent frå året før. Over halvparten drar til ein av dei tre mest populære destinasjonane: Storbritannia, Danmark og Polen. Ein gradstudent tar ein heil grad i utlandet.

I 2011–12 var det drygt 8 100 norske delstudentar i utlandet, ein auke på seks prosent frå året før. Rundt ein tredel (31 prosent) vel eit europeisk land. Om lag 20 prosent vel Nord-Amerika, nesten like mange vel Afrika. Ein delstudent tar delar av studiet i utlandet.

– Europa er ein sentral samarbeidsarena for norske institusjonar og fagmiljø når det gjeld forskning. Studentar og lærestader bør i større grad bruke moglegheitene som finst også for studentutveksling til Europa, seier SIU-direktør Alf Rasmussen.

I 2011–12 var det over 9 000 studentar med utanlandsk statsborgarskap i Noreg, ein auke på heile 15 prosent. Aller flest studentar kjem frå Russland, følgt av Sverige og Tyskland. Delen studentar i Noreg

med utanlandsk statsborgarskap har i det siste tiåret stige frå 4,4 til 7,7 prosent av den totale studentmassen.

– Dette er positivt med tanke på internasjonalisering heime, som er spesielt viktig for dei nesten 80 prosent av norske studentar som ikkje har noko utanlandsopphald i løpet av studietida, seier Rasmussen.

I skuleåret 2012–13 kjem om lag 6 500 norske skuleelevar til å vere internasjonalt mobile, viser SIU sine utrekningar. Dette gir ein auke på åtte prosent frå året før. Blant utreisande elevar i Vg2 er USA det klart mest populære landet. Omvendt kjem det flest innreisande elevar frå Tyskland, Frankrike og Italia.

## Høgre utdanning i India

India er i sterk økonomisk vekst, og har blitt eit satsingsland for Noreg. Å finne dei rette aktørane å samarbeide med er den største utfordringa for norske utdanningsinstitusjonar. Dette går fram av SIU-rapporten *Høyere utdanning i India: reformer og tendenser*.

Kvar tredje måned veks folketallet i India tilsvarande heile befolkninga i Noreg. På grunn av denne veksten, og næringslivet sitt behov for utdanna arbeidskraft, vil India tredoble kapasiteten i høgre utdanning innan 2020. Det skal bli oppretta opptil 50 nye universitet som skal drive med både forskning og utdanning.

Rapporten gir et innblikk i den siste utviklinga av høgre utdanning i India, og antydar kva slags følgjer ho kan ha for norsk samarbeid. Rapporten gir òg ein presentasjon av status, trendar og utviklings- trekk, inkludert spørsmål knytt til internasjonalisering.



## Landrapport Kina

Folkerepublikken Kina er den mest folkerike staten i verda, og går truleg forbi USA som verdas største økonomi i løpet av få år. Kina satsar sterkt på forskning og høgre utdanning, og er også her på veg til å bli ein viktig global aktør. *Landrapport Kina* inneheld artiklar om kinesisk høgre utdanning, og om samarbeid som norske universitet og høgskolar har med institusjonar i Kina.

Forskarar med omfattande kjennskap til Kina har bidrege med artiklar, i tillegg til Noregs forskings- og utdanningsråd ved den norske ambassaden i Beijing, Noregs forskingsråd og Innovasjon Norge. Vi håpar at rapporten kan inspirere og hjelpe tilsette ved universitet og høgskolar som er interesserte i samarbeid med Kina.

- Forsking og høgre utdanning er nøkkelen til Kinas framtid, ifølgje kinesiske myndigheiter. Kina satsar no sterkt på internasjonalt samarbeid, skriv Kari Kveseth, vitskapsråd ved Den norske ambassaden i Beijing, i rapporten.
- Generelt investerer Kina i å modernisere universiteta, auke innovasjonsevna og leggje til rette for å utvikle talent. Universiteta etablerer nye leiingsstrukturar og opprettar utdanningsprogram i samarbeid med næringslivet. Finansiering av studieopphald ved utanlandske universitet blir betre, samstundes som Kina ønskjer å trekkje til seg fleire forskarar og studentar frå utlandet, skriv Kari Kveseth.

## Internasjonalisering i grunnpoplæringa

*Stortingsmelding nr. 14 (2008–2009)* legg til grunn at internasjonalisering angår alle fag og elevar. Ambisjonen er ikkje at alle skal reise ut, men alle skal kunne ta del gjennom internasjonalisering av skule, undervising og opplæring: internasjonalisering heime.


- Intensjonane i stortingsmeldinga blir dagleg sette i verk i norske klasserom, sjølv om lærarane ikkje nødvendigvis kan definere omgrepet internasjonalisering heime heilt nøyaktig. Slik kommenter Erik Sandvik, seniorrådgjevar i Kunnskapsdepartementet, SIU-rapporten *Internasjonalisering i grunnpoplæringa: En analyse av hvordan lærere og skoleledere forstår og praktiserer internasjonalisering hjemme*.

Rapporten byggjer på litteratur om internasjonalisering, ei kvantitativ spørjeundersøking sendt til alle vidaregåande skular i Noreg våren 2011, og ei kvalitativ undersøking til 17 lærarar frå grunn og vidaregåande skular.

Den kvantitative undersøkinga viser at majoriteten av skolane trekkjer internasjonale perspektiv inn i undervisinga og nyttar seg av nettbaserte ressursar med internasjonalt fokus. Vel halvparten nyttar seg av dei ressursane som røynslene til elevar med fleirkulturell bakgrunn representerer. Berre ein tredel trekkjer internasjonalisering inn i lokalt læreplanarbeid.

Den kvalitative undersøkinga viser at omgrepsforståinga i stortingsmeldinga er lite kjent. Ståstaden og erfaringane til den enkelte informant pregar i stor grad forståinga. Internasjonalisering heime i tydinga arbeid med tema som læreplanen fastset, blir nemnt av få. Få av svara gir inntrykk av at lærarar har medvit om at internasjonalisering heime-omgrepet kan innebere eit organisatorisk aspekt.





## Analyse, utgreiing og rådgjeving

I 2012 har det vore ei viktig prioritering å styrkje kunnskapsgrunnlaget for internasjonalisering på alle nivå gjennom meir målretta utgreiings- og analysearbeid.

Arbeidet har mellom anna resultert i fleire publikasjonar i SIU rapportserie. SIU sin mobilitetsrapport blei gitt ut for sjette gong, no med meir statistikk og analyse av internasjonalisering i grunnopplæringa enn før.

Det er utvikla nye program og ordningar basert på politiske prioriteringar, til dømes program for ei sterkare kopling mellom internasjonalt forskings- og utdanningssamarbeid i samarbeid med Norges forskingsråd, og ei insentivordning for auka samarbeid med Brasil. Den overordna målsetjinga for dette arbeidet er å gi styresmaktene best mogleg grunnlag for utforming av politikk og verkemiddel for internasjonalisering av utdanninga.

SIU har i 2012 lagt meir vekt på betre samhandling internt i organisasjonen. Det har vore særleg viktig å involvere programforvaltninga sterkare i utgreiings- og analysearbeidet, for betre å kunne formidle resultat og effektar av dei ulike internasjonaliseringstiltaka som SIU forvaltar. Dessutan har ein i større grad enn før initiert samarbeid med andre organisasjonar, både nasjonalt og internasjonalt. Dette har gitt ein meirverdi i form av eit større kunnskapstilfang og ei meir tydeleg arbeidsdeling. Auka kontakt med internasjonale organisasjonar har gitt nye impulsar og betre innsikt i internasjonale trender og utvikling, samstundes som det har opna for komparative analysar, til dømes av studentmobilitet i Norden.

Samla sett er det mykje som tyder på at desse grepa har auka kvaliteten og relevansen på utgreiings- og analysearbeidet, og at dette har styrkt SIU si rolle som kompetansesenter for internasjonalisering av utdanning.

## Profilering av Noreg som samarbeids- og studieland

Profilering av Noreg som attraktivt samarbeids- og studieland er ein del av SIU sitt mandat. Målsetjinga er å skape eit positivt omdømme av norsk utdanning og på ulike måtar bidra til institusjonane sitt profilerings- og rekrutteringsarbeid.

I 2012 blei det for tredje gong gjennomført ei omdømmeundersøking blant internasjonale studentar i Noreg. 36 institusjonar deltok i undersøkinga, noko som er ein klar auke frå tidlegare, og svarprosenten var i underkant av 40 prosent. Hensikta med undersøkinga er mellom anna å skaffe meir informasjon om korfor dei internasjonale studentane vel Noreg som studieland, i kva grad dei er tilfreds med opphaldet og om dei kunne tenkje seg å jobbe her etter avslutta studieopphald. Undersøkinga syner at 75 prosent hadde Noreg som sitt førsteval som studieland. For utvekslingsstudentane var dei viktigaste faktorane: norsk natur, engelskunderviste program og kurs, kvalitet på utdanninga og godt omdømme på studiar og forskning, og moderne og teknologisk avansert samfunn. Heilgradstudentane svarte kvalitet på utdanninga og godt omdømme på studiar og forskning, engelskunderviste program og kurs, forbetre karrieremoglegheiter og fråvær av studieavgifter. Heile 88 prosent av studentane er nøgde eller svært nøgde med opphaldet i Noreg, og 62 prosent ønskjer å jobbe i Noreg etter avslutta utdanning. Begge er ein klår auke frå tidlegare undersøkingar.

SIU koordinerte den norske deltakinga på messedelen av dei to store institusjonskonferansane NAFSA (Houston) og EAIE (Dublin) i 2012, der institusjonane kunne delta. I tillegg blei det arrangert faglege seminar og norske mottakingar på konferansane, kor det vart tilrettelagt for at norske institusjonar kunne møte internasjonale partnara.

Nettstaden [studyinnorway.no](http://studyinnorway.no) er vår viktigaste informasjonskanal retta direkte mot internasjonale studentar, og hadde over 545 000 unike besøkjande i 2012, noko som er ein auke på over 12 prosent frå året før. Sosiale medium blir stadig viktigare som kommunikasjonskanal og Study in Norway sin Facebook-profil er ei av nettstaden sin viktigaste kjelder til besøkjande.




## Organisasjon

Hausten 2011 starta arbeidet med ny organisering, som blei sett i verk 20. februar 2012. Talet på fast tilsette var 67 ved utgangen av 2012, og talet på midlertidig tilsette er redusert i løpet av året. Kompetansetiltak er svært viktig i ei kompetanseintensiv verksemd som SIU, både for å rekruttere og halde på dyktige medarbeidarar. I 2012 har SIU-skulen, SIU sitt interne kompetanseutviklingsprogram, blitt etablert. SIU-skulen tilbyr frå 2013 ein brei kursportefølje for dei tilsette. SIU dekkja også utgifter til tilsette som har teke individuell etter- og vidareutdanning, og har starta opp et eige program for leiarutvikling. Det blei hausten 2012 forhandla fram ein ny lønspolitikk for organisasjonen.

Hausten 2009 blei SIU sertifisert etter ISO 9001: 2008-standarden, og blei resertifisert hausten 2012. Arbeidet med kvalitetsrevisjonar og utvikling av rutinar og arbeidsprosesser er i gang kontinuerleg. Risikostyring er innarbeidd i alle arbeidsprosessar.

Helse, miljø og tryggleik er viktig i kvalitetsarbeidet vårt og ein prioritert del av alle aktivitetar. SIU har avtale om bedriftshelse-teneste med Stamina Hot, som støttar opp om god kvalitet i HMS-arbeidet. SIU gjennomfører årleg arbeidsmiljøundersøking for å kunne tilpasse tiltaka til dei tilsette sine behov. SIU er IA-bedrift, og har mellom anna nådd målsetjinga om auka pensjonsalder. Arbeidet for å redusere sjukefråveret er høgt prioritert – SIU hadde en gledelig nedgang i 2012, men jobbar vidare for å nå måлтаlet vårt.





RETURADRESSE:

**SENTER FOR INTERNASJONALISERING AV UTDANNING**

TLF: 55 30 38 00 FAKS: 55 30 38 01 E-POST: [SIU@SIU.NO](mailto:SIU@SIU.NO)

ADRESSE: POSTBOKS 1093, 5809 BERGEN

BESØKSADRESSE: VASKERELVEN 39, 5014 BERGEN [WWW.SIU.NO](http://WWW.SIU.NO)

